



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 09.02.2017  
**Møtestad:** Einekvane og Rikken på Matre  
**Møtetid:** 12:00 - 18:00

Formannskapsmøte starta med eit dialogmøte med Einekvane i Einekvane sine lokaler. Det vart servert lunch i samband med dette dialogmøte.

Formannskapet flytta bort i Rikken etter at lunch / dialogmøte var ferdig,

| Frammøtte medlemmer       | Parti                    | Rolle        |
|---------------------------|--------------------------|--------------|
| Karstein Totland          | H                        | Ordførar     |
| Torill Torsvik Størkersen | AP                       | Varaordførar |
| Frode Langhelle           | H (til sak 16, 17 og 18) | Medlem       |
| Siri Tangedal Kratzmeier  | Krf                      | Medlem       |
| Geir Egil Haugsvær        | Sp                       | Medlem       |

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

| Saknr    | Tittel   |
|----------|--|
| 001/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| 002/2017 | Godkjenning av møtebok   |
| 003/2017 | Søknad om drift og vedlikehold av veglys - Byrkjeland  |
| 004/2017 | Klage på delegert vedtak - bygging av garasje 33/27 - Elvik                                    |
| 005/2017 | Klage på vedtak - utsleppsløype av sanitært avløpsvatn til tett tank - gbnr 35/8, Mjanger      |
| 006/2017 | Klage på vedtak om bygge- og deleforbod - bru over Masfjorden                                  |
| 007/2017 | Klage på vedtak om konsesjon på endring av 300 (420) KV Modalen - Mongstad                     |
| 008/2017 | Forslag til nytt finansreglementet for Masfjorden kommune                                      |
| 009/2017 | Reglement for godtgjering til folkevalde   |
| 010/2017 | Melding om oppstart av verksemdsplan for helsetenestene i Masfjorden kommune 2017 - 2021       |
| 011/2017 | Melding om oppstart av arbeid med lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i institusjon |
| 012/2017 | Eigenbetaling for nettverk i omsorgsbustad   |
| 013/2017 | Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde - offentlig ettersyn                               |
| 014/2017 | Søknad frå GMU om bruk av kontor i kontorbygget på Matre                                       |
| 015/2017 | Kulturtiltaksmidler 2017   |
| 016/2017 | Høyringsak - framlegg til endring av vassressurslova   |
| 017/2017 | Delegerte saker  |
| 018/2017 | Referatsak   |

## **001/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 001/2017 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

## **002/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 002/2017 VEDTAK:**

Møtebok frå formannskapet 29.11.16 vert godkjend.

---

## **003/2017: Søknad om drift og vedlikehald av veglys - Byrkjeland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunen overtar ikkje drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland. Masfjorden kommune ynskjer ikkje å knyte seg til fleire veglys, enn dei som allereie er i drift av kommunen.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Totland sette fram framlegg til nytt vedtak:

Kommunen overtar drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

### **FS - 003/2017 VEDTAK:**

**Kommunen overtar drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland.**

---

## **004/2017: Klage på delegert vedtak - bygging av garasje 33/27 - Elvik**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet kan ikkje sjå att det er kome inn nye moment i saka som skulle tilseie ei omgjerung av tidlegare vedtak, saknr 084/2016. Masfjorden kommune ved Formannskapet tar ikkje klagen til fylgje, og godkjenner søknad om oppføring av garasje gnr 33 bnr 27, Elvik.

Grunngjeving: Det er ikkje kome nye moment i saka som skulle tilseie å ta klagen til fylgje. Søknaden er i trå med plan –og bygningslova § 20-4, og arealdelen til kommuneplanen med førsegner, 2012-2024.

Heimel: plan –og bygningslova § 20-4, arealdelen til kommuneplanen med førsegner, 2012-2024.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 004/2017 VEDTAK:**

**Formannskapet kan ikkje sjå att det er kome inn nye moment i saka som skulle tilseie ei omgjerung av tidlegare vedtak, saknr 084/2016. Masfjorden kommune ved Formannskapet tar ikkje klagen til fylgje, og godkjenner søknad om oppføring av garasje gnr 33 bnr 27, Elvik.**

**Grunngjeving: Det er ikkje kome nye moment i saka som skulle tilseie å ta klagen til fylgje. Søknaden er i trå med plan –og bygningslova § 20-4, og arealdelen til kommuneplanen med føresegner, 2012-2024.**

**Heimel: plan –og bygningslova § 20-4, arealdelen til kommuneplanen med føresegner, 2012-2024.**

---

**005/2017: Klage på vedtak - utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn til tett tank - gbnr 35/8, Mjanger**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet kan ikkje sjå att det er kome inn nye moment i saka som skulle tilseie ei omgjerung av tidlegare vedtak, saknr 059/2016, søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå fritidsbustad til tett tank gnr 35 bnr 8, Mjanger.

Grunngjeving: Det er ikkje kome nye moment i saka som skulle tilseie å ta klagen til fylgje.

Heimel  
Forrurensingsforskrifta. § 12

**09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 005/2017 VEDTAK:**

Formannskapet kan ikkje sjå att det er kome inn nye moment i saka som skulle tilseie ei omgjerung av tidlegare vedtak, saknr 059/2016, søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå fritidsbustad til tett tank gnr 35 bnr 8, Mjanger.

Grunngjeving: Det er ikkje kome nye moment i saka som skulle tilseie å ta klagen til fylgje.

Heimel

Forurensingsforskrifta. § 12

---

## **006/2017: Klage på vedtak om byggje- og deleforbod - bru over Masfjorden**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune viser til klage dagsett 9. september 2016 frå advokatfirmaet Thommessen AS , og tek ikkje klagen til følgje. Det vert vist til saksopplysningar og vurderingar frå rådmannen nedunder.

Saka vert i medhald av forvaltningslova sin § 28, jf. plan- og bygningslova sin § 1-9 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjerd.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 006/2017 VEDTAK:**

Masfjorden kommune viser til klage dagsett 9. september 2016 frå advokatfirmaet Thommessen AS , og tek ikkje klagen til følgje. Det vert vist til saksopplysningar og vurderingar frå rådmannen nedunder.

Saka vert i medhald av forvaltningslova sin § 28, jf. plan- og bygningslova sin § 1-9 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjerd.

---

## **007/2017: Klage på vedtak om konsesjon på endring av 300 (420) KV Modalen - Mongstad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune klagar på vedtaket gjort av NVE den 26.01.2017 som gjeld konsesjon til BKK Nett AS.

Klagen gjeld tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: «Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om avtalar om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.»

Masfjorden kommune viser til saksopplysningane og rådmannen sine vurderingar i saka, og legg spesielt vekt på at NVE med dette punktet i vedtaket har sett til sides ein godkjent områdeplan for Haugsværdalen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Kommunen ber OED i si klagehandsaming vurdere nærmare om føremålsparagrafen i energilova (§ 1-2) som gjeld omsynet til ålmenne interesser, samt energilova sin paragraf om vilkår (§3-5) er grundig nok drøfta og ivareteke i vedtaket til NVE.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram nytt framlegg til vedtak:

Klagen gjeld siste del av tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: "[...] med vilkår om avtalar om drifts og vedlikehold og eventuelle overskuddsmasse".

Masfjorden kommune kan ikkje godta at det ikkje føl nokon avbøtande tiltak med konsesjonen.

### Røysting:

Det var først røysta over 1.avsnitt. 1.avsnitt i framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Avsnitt 2 og 3 i framlegg frå rådmannen vart så røysta opp mot framlegg til vedtak frå Sp. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster mot 1 røyst (Sp).

### **FS - 007/2017 VEDTAK:**

Masfjorden kommune klagar på vedtaket gjort av NVE den 26.01.2017 som gjeld konsesjon til BKK Nett AS.

Klagen gjeld tredje strekpunkt i vedtaket som har følgjande ordlyd: «Permanent tilkomstveg til Haugsvær transformatorstasjon på vestsida av Haugsværvatnet med vilkår om avtalar om drift og vedlikehold og eventuell overskuddsmasse.»

Masfjorden kommune viser til saksopplysningane og rådmannen sine vurderingar i saka, og legg spesielt vekt på at NVE med dette punktet i vedtaket har sett til sides ein godkjent områdeplan for



Haugsværdalen godkjent i kommunestyret den 28.10.2015. Kommunen ber OED i si klagehandsaming vurdere nærmare om føremålsparagrafen i energilova (§ 1-2) som gjeld omsynet til ålmenne interesser, samt energilova sin paragraf om vilkår (§3-5) er grundig nok drøfta og ivareteke i vedtaket til NVE.

---

## **008/2017: Forslag til nytt finansreglementet for Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. 2017 for Masfjorden kommune vert vedteken

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 008/2017 VEDTAK:**

**Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. 2017 for Masfjorden kommune vert vedteken**

---

## **009/2017: Reglement for godtgjering til folkevalde**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reglement for godtgjering til folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 009/2017 VEDTAK:**

**Reglement for godtgjering til folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.**

---

**010/2017: Melding om oppstart av verksemdsplan for helsetenestene i Masfjorden kommune 2017 - 2021**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune utarbeidar verksemdsplan for helseavdelinga 2017 – 2021. Planen skal utarbeidast etter lover og forskrifter, og vere i tråd med overordna planverk i kommunen. Rådmannen får delegert mynde til å opprette ei administrativ arbeidsgruppe, som skal utarbeide verksemdsplanen.

**09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 010/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune utarbeidar verksemdsplan for helseavdelinga 2017 – 2021. Planen skal utarbeidast etter lover og forskrifter, og vere i tråd med overordna planverk i kommunen. Rådmannen får delegert mynde til å opprette ei administrativ arbeidsgruppe, som skal utarbeide verksemdsplanen.**

-----

## **011/2017: Melding om oppstart av arbeid med lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i institusjon**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune startar arbeidet med å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim jf. § 3-2 a andre ledd i helse- omsorgstenestelova og § 37 i forvaltningslova.

Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av: Helga Irene Ellingsen, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar for forvaltning og leiar for tiltaksrådet, Marit Andersen Nesse, leiar for Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 011/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune startar arbeidet med å utarbeide ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim jf. § 3-2 a andre ledd i helse- omsorgstenestelova og § 37 i forvaltningslova.**

**Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe bestående av: Helga Irene Ellingsen, leiar for helse og omsorg, Elin Eikemo, leiar for forvaltning og leiar for tiltaksrådet, Marit Andersen Nesse, leiar for Masfjorden sjukeheim, Rolf Sleire, tilsynslege og Rolf Tande, kommuneoverlege.**

---

## **012/2017: Eigenbetaling for nettverk i omsorgsbustad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune tilbyr bruk av nettverk i kommunale omsorgsbustadar når dette er utbygd. Eigenbetaling for nettverk blir kr. 250,- pr. mnd.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 012/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune tilbyr bruk av nettverk i kommunale omsorgsbustadar når dette er utbygd. Eigenbetaling for nettverk blir kr. 250,- pr. mnd.**

---

## **013/2017: Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde - offentlig ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde vert sendt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Det vert vist til planmaterieell dagsett 26.01.2017.

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 013/2017 VEDTAK:**

**Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde vert sendt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.**

**Det vert vist til planmaterieell dagsett 26.01.2017.**

---

**014/2017: Søknad frå GMU om bruk av kontor i kontorbygget på Matre**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune leiger vederlagsfritt ut eit kontor til GMU i perioden 15. februar 2017 og ut 2017.

**09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 014/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune leiger vederlagsfritt ut eit kontor til GMU i perioden 15. februar 2017 og ut 2017.**

---

## 015/2017: Kulturtiltaksmidler 2017

### Rådmannen sitt framlegg:

#### Framlegg til vedtak

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskotssummen på kr 100 000 vert fordelt slik:

| Søkjjar                   | Tiltak   | Dato         | Budsjett       | Søknadssum     | Tilskot        |
|---------------------------|--|--------------|----------------|----------------|----------------|
| Stordalen fjellstove      | StordalenFjellFestival                                     | 16.-18.06    | 310 000        | 70 000         | 50 000         |
| Masfjordnes pensjonistlag | Kulturprogram, vårfest                                     | 21.04        | 30 000         | 10 000         | 5 000          |
| Bjørn West IL             | Bjørn West triatlon  | 19.08        | 43 000         | 30 000         | 10 000         |
| Fjon UIL/ Fjon musikklag  | Mosjonsarrangement   | September    | 15 000         |                | 5 000          |
| Risnes IL                 | Slersfjellet opp inkl konsert                              | 03. og 05.06 | 198 000        | 50 000**       | 25 000         |
| Masfjord fotballag        | Fotballturnering, TINE-turnering og reiser til turneringar | Påske-august |                | 32500/10 000*  | 5 000          |
| <b>SUM</b>                |  |              | <b>596 000</b> | <b>192 500</b> | <b>100 000</b> |

Masfjorden kommune kan hjelpe til med marknadsføring av arrangementa gjennom «Kommunal informasjon» i lokalavisa.

Tilskot blir utbetalt når tiltak er gjennomført, og økonomisk oversyn ligg føre.

### 09.02.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) gjorde framlegg om at tilskotet til Masfjorden pensjonistlag vert sett til kr 0 og at tilskotet til Risnes IL vert auka til kr 30 000

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes vedteke.

### FS - 015/2017 VEDTAK:

#### Framlegg til vedtak

Basert på søknadane og vedlagte budsjett vedtek formannskapet at tilskotssummen på kr 100 000 vert fordelt slik:

| Søkjjar                   | Tiltak                 | Dato      | Budsjett | Søknadssum | Tilskot |
|---------------------------|------------------------|-----------|----------|------------|---------|
| Stordalen fjellstove      | StordalenFjellFestival | 16.-18.06 | 310 000  | 70 000     | 50 000  |
| Masfjordnes pensjonistlag | Kulturprogram, vårfest | 21.04     | 30 000   | 10 000     | 0       |
| Bjørn West IL             | Bjørn West triatlon    | 19.08     | 43 000   | 30 000     | 10 000  |
| Fjon UIL/ Fjon musikklag  | Mosjonsarrangement     | September | 15 000   |            | 5 000   |



|                    |  |              |                |                |                |
|--------------------|--|--------------|----------------|----------------|----------------|
| Risnes IL          | Sleirsfjellet opp inkl<br>konsert                                | 03. og 05.06 | 198 000        | 50 000**       | <b>30 000</b>  |
| Masfjord fotballag | Fotballturnering,<br>TINE-turnering og<br>reiser til turneringar | Påske-august |                | 32500/10 000*  | <b>5 000</b>   |
| <b>SUM</b>         |  |              | <b>596 000</b> | <b>192 500</b> | <b>100 000</b> |

Masfjorden kommune kan hjelpe til med marknadsføring av arrangementa gjennom «Kommunal informasjon» i lokalavisa.

Tilskot blir utbetalt når tiltak er gjennomført, og økonomisk oversyn ligg føre.

-----

## **016/2017: Høyringsak - framlegg til endring av vassressurslova**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til politisk drøfting

### **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune rår til at kommunane får mynde til å fatta konsesjon til vasskraftverk på inntil 3 mW etter Vassressurslova. Grunngevinga er at kommunane sjølv har den beste lokalkunnskapen til å avgjera dette.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 016/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune rår til at kommunane får mynde til å fatta konsesjon til vasskraftverk på inntil 3 mW etter Vassressurslova.**

**Grunngevinga er at kommunane sjølv har den beste lokalkunnskapen til å avgjera dette.**

---

## **017/2017: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

## **09.02.2017 FORMANNSKAPET**

### Delegerte saker:

- 002/2017: Svar på søknad om klasseset
- 001/2017: Svar på søknad om støtte til sandvolleyballbane

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 017/2017 VEDTAK:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

## 018/2017: Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

### 09.02.2017 FORMANNSKAPET

#### Referatsaker:

1. Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2017. Prioritering av Regionrådet
2. Søknad om kommunal bevilgning til bygging v fotballbane(r) for jenter og gutter i Kobane
3. Underskrive akseptblankett
4. VS: Den gode barnehage og skuleeigar  
Formannskapet samla seg om at det bør delta minst to politikarar på desse samlingane
5. Visitasrapport frå bispevisitas i Gulen og Masfjorden
6. Årsrekneskap 2016 for Masfjorden kommune

#### Orientering frå rådmann:

Forskotering av midlar til vellag og andre organisasjonar for å dekke deira sitt kapitalbehov og forskotering mva.

- Midlane vert ført som utlån
- Prosjektet må vere starta, og kostnader påløpt før forskotering

Ass.rådmann orienterte om revisjon / endring av feietenesta i hht ny forskrift.

Det vart stilt spørsmål kring vedtak i kommunestyresak 81/16. Rådmannen orienterte om at føresetnadene i kommunestyresak 81/16 har endra seg vesentleg siste kvarttal, og medført endra behov for å kjøpe tenester av eksterne til brukarar med spesielle behov. Utlysing har difor trekt litt ut i tid. Forholdet vert anten kunngjort på Doffin i løpet av første del av 2017, alternativt må saka leggast fram att for kommunestyre i førstkomande møte.

Intensjonsavtale ang Fensfjordbygg er lagt på Doffin

#### Orientering frå ordførar:

- Ordførar gjorde greie for orienteringa som vart halden i MISA (miljø og samferdselutvalet i fylkestinget) om Masfjordsambandet og kva utgreiingar som var gjort så langt. Alle tre alternativa (hengebru, flytebru med seilingslei midt på og flytebru med seilingslei i Duesundsundet) kan gjennomførast.

- Framlegg til avtale med Fitjar kommune ang "grønne konsesjonar" om deling av inntektene vart delt ut.
- Kommuneplanen: Innspelfasen er ferdig og det kan vere greitt med eit møte i styringsgruppa der ein går igjennom innspela saman med plansjef. Formannskapet såg for seg at den 7.mars kunne vere ein aktuell dag. Rådmannen sjekkar ut, og kjem attende med dato for eit slikt møte.
- Statusorientering tannlege i kommunal regi, og kor formannskapet ønskjer at det vert arbeidd vidare med realisering..
- Statusorientering fiberutbygginga
- Orientering om status nærpoltireforma og grunnlag for klage innan fristen 01.03.17
- Refererte til skriv tverrfagleg støtteteam 06.02.17
- Oppfølging overfor formannskapet dialogmøte mellom MFK / Kyrkja og kommunen 01.02.17

**FS - 018/2017 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---

Rett utskrift av møtebok frå formannskapet 09.02.17 vert vitna

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordfører